

Det kongelige kunnskapsdepartement



Høyring – framlegg til endringar i opplæringslova og privatskolelova – Kompetansereglar m.m.

Om ein har som utgangspunkt at den einaste faktoren som påverkar kvaliteten på opplæringa i grunnskulen er fagkompetansen til læraren, så hadde det vore lite å kommenter i dette framlegget. Problemet er knytt til at det ikkje let seg dokumentere at framlegget vil ha den effekten som ein ynskjer, og framlegget drøftar ikkje kva innverknad det kan ha på andre faktorar som er med å påverkar kvaliteten på grunnskulen.

Skulekvardagen er samansett, og det er mange faktorar som er med å avgjer kor god skule ein maktar å lage. Dei som forskar på dette seier at læraren er ein sentral faktor, men at det er vanskeleg å fastslå kva som er den gode læraren. Det er altså mange måtar å vere ein god lærar på. Vi meiner sjølvsagt ikkje å seie at fagkunnskap er negativt, men det er fleire moment som påverkar resultatet.

Konsekvensen av framlegget er at ein innfører eit kvalitetskriterium for grunnskulen som det vil ta lang tid oppnå for mange skular. Grunnen er manglande kompetanse på skulane i dag, ein står framfor store utskifting i lærarkollegia av di vi har mange eldre lærarar og det tar tid før lærarane som gjennomfører den nye lærarutdanninga, kjem ut i arbeid. Mange skular vil altså bli stempla som ikkje gode nok, sidan dei ikkje oppfyller krava til kompetanse. Kva resultat dei har, tel ikkje i denne vurderinga. Dei skal gjennom ei midlertidig godkjenning frå år til år. Vi er redd for at resultatet av dette er at vi får nok ein faktor som verkar sentraliserande.

Det ser ut til at ein ynskjer at ungdomssteget skal ha ein faglærerorganisering etter modell frå vidaregåande skule. Dette kan vi ikkje sjå er ynskjeleg. Vidaregåande skule sine problem med fagleg oppfølging av enkelteleven, treng vi ikkje overføre til ungdomssteget. Ein vurderer no korleis ein kan betre ungdomsskuletilbodet. Ein mellom anna ser på korleis ein kan gjere undervisninga meir praktisk retta slik at tilbodet vert betre tilpassa andre enn dei teoretisk flinke. Dette er ein heilt nødvendig gjennomgang, og kompetansekrava for undervisning må i alle høve ikkje gjennomførast før ein har hatt ein slik totalgjennomgang av ungdomsstegstilbodet.

Landslaget for nærmiljøskulen meiner altså at det er fornuftig å vente med å gjennomføre dette tiltaket både fordi tidspunktet er feil, og at ein har latt vere å drøfte mogelege negative verknader av tiltaket. Skuleutvikling krev at ein har ein konstant fokus på heilskapen i undervisningstilbodet.

10.01.2011

For Landslaget for nærmiljøskolen

Brite Kandal

Jan-Ove Einebærholm

-leiar-

-nestleiar-